

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: **Bømlo vidaregåande skule**

Tal elevar skuleåret 2015/16: 270

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	75,9
2015/16	74,5

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	9,43	8,68
	2015/16	15,18	6,23
Standpunkt	2014/15	10,81	3,86
	2015/16	7,51	4,35
Eksamen	2014/15	8,14	
	2015/16	7,65	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	16,61
	dagar	9,23
2015/16	timar	14,62
	dagar	9,04

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	4,3
2015/16	3,6

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17**Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?**

Me vurderer det til god tilstand - me har ein medviten haldning til elevar som kan falle ut. Me er god på å halda på elevane! Desse elevane får stryk i nokre fag – og får ståkarakter i nokre fag. Det er hovudgrunne til dei låge stryktala. Spesialtilpassingar gjer at dei klarer fag i løpet av året – men ikkje alle fag på normert tid.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Gode rutinar for overgangar: overføringsmøter og tett og godt samarbeid med ungdomsskulane. Hospitering er eit viktig tiltak.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Det er to (minst) vegar:

Elevar som har valgt feil studieprogram – tar lengre tid med dei elevane som truleg ikkje har nok og rett informasjon om vala sine og personlege eigenskapar for å forstå at dei har valgt feil. Me ønskjer å vegleie desse til noko som er rettare for dei. Av og til så er det ikkje noko alternativ til å la enkeltelevar få gå til dei ser at det ikkje fører fram til noko.

Dei som er sjuke (psykisk) – kor me stevar etter å halde dei på skulen – med enkeltfag. Dei som er for sjuke til å gå på skule klarer me ikkje å få i mål.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Me kan bli betre på å informere elevar og foreldre (mor) om våre studietilbod for å redusere og unngå feilval. Vårt system for å nå alle elevane med yrkesvegleiing er for dårleg – og det må me forbetra. Internt må me bli betre på informasjon, vegleiiing og påverkand ved overgangar for våre eigne elevar. Me må våge å utfordre elevar som har valgt og vel feil.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**2.1 Vurdering for læring****Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:**Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Elevane seier i VBVmøte, elevundersøkinga og elevrådet at det er for uklart for dei kva som vert vurdert og korleis det vert vurdert.

Skulen har ikkje fått klage på standpunktkarakterar dette året – kva no det betyr?.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»**Utfordringar:**

Å forklare elevane korleis me gjer dette – og ikkje minst at lærarane er «like» i dette arbeidet. Leiargruppa tenkjer at lærarane og leiinga har blitt betre på vurdering og er på veg i rett

retning. Det er behov for å halde fram arbeidet med kompetanseheving innafør vurderingsfeltet. Men, dette er vanskeleg.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Mange elvar har for låg datakompetanse på bruk av relevante program i undervisninga.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Utanomfagleg bruk av IKT er ei utfordring – dette er ulikt frå klasse til klasse knyta til klasseleiing.

Lærarane etterspør meir kompetanse.

Gje elevane naudsynt kompetanse på programvare.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevane gjev god tilbakemelding på klasseleiing ved skulen. Det er mange flinke lærarar som har tak på god klasseleiing – og me jobbar medvite med å vera god på dette området.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Læraren blir dratt imellom tilpassa undervisning for einskildelevar og fokus på resten av klassen.

Me vaksne må handheve felles reglar (likt). Er reglane kjent for alle? Dette må jobbast medvite med kvart år.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Vurdering for læring i regi av Høgskulen i Lillehammer. Netttbasert opplæringstilbod av høg fagleg kvalitet.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Vurdering er vanskeleg, har vore utviklingsfokus i mange år og det har vore vanskeleg å finne gode kompetansehevingskurs som fannar alle. Her fann me noko som kunne vera for heile kollegiet og av høg fagleg kvalitet – og me får det til å fungere.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Systematisk planlagt bruk av arbeidsplanfesta tid – felles, i grupper og individuelt bruk. Medviten organisering av grupper innafor fag og på tvers av fag. Lagt inn i plan for bruk av fellestida/bunden tid.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Stor verdi at ALLE har vore og er med på same opplæring. Diskusjonane i arbeidsgrupper har vore og er til stor fagleg nytte og me lærer av kvarandre og utviklar oss i lag.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Me fortset med oppsett plan – tiltaket er ikkje avslutta/ferdig.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Skulen lagar tidleg i skuleåret ein plan over bruk av fellestid – kor utviklingsarbeid og vurdering er eit av elementa.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Bruk av fellestid. Det som kjem fram i gruppene vert brukt inn i arbeidet med utviklingsplan.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Bruk av fellestid/bunden tid. Kollegiet har jobba i grupper med utviklingsplan.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevrådet og Skulemiljøutvalet får informasjon og gje innspel til arbeidet i arbeidsprosessane.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Me har kome eit stykke på veg med å få kollegiet til å ha eigarforhold til utviklingsarbeidet.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Me vil leggje dette arbeidet inn i våre planar – dette er allereie tenkt på for komande skuleår.. Dette er med som grunnlag for vårt arbeid med å laga ny Utviklingsplan.